

Møteprotokoll

Utval: Naustdal-Gjengedal verneområdestyre
Møtestad: Skype
Dato: 20.03.2020
Tidspunkt: 12:00-14:00

Følgjande faste medlemmar møtte:

Namn	Funksjon	Representerer
Marius Dalin	Nestleiar	Sunnfjord
Gunhild Berge Stang	Medlem	Vestland
Karoline Bjerkeset	Leiar	Gloppen

Frå administrasjonen møtte:

Namn	Stilling
Alf Erik Røyrvik	verneområdeforvaltar

Underskrift:

Vi stadfestar med underskriftene våre at det som er ført på dei sidene vi har signert i møteboka, er i samsvar med det som vart vedteke på møtet.

Saksliste

Utvals-saksnr	Innhald	Lukka	Arkiv-saksnr
ST 1/20	Godkjenning av innkalling og sakliste		
ST 2/20	Naustdal-Gjengedal verneområdestyre - Konstituering av styret for perioden 2020-2023		2019/2581
ST 3/20	Naustdal-Gjengedal verneområdestyre - Delegeringsreglement		2019/2581
RS 1/20	Naustdal-Gjengedal verneområdestyre - Orienteringssaker til møte 1/2020		2019/4183
RS 2/20	Orienteringssak - Orientering om praktiske ting kring styremøte, møtegodtgjerdslø med meir.		
ST 4/20	Naustdal-Gjengedal LVO - Fleirårig løyve til bruk av motorbåt på Langedalsvatnet - Mardal og Fitje sankelag		2019/16204
ST 5/20	Naustdal-Gjengedal LVO - Fleirårig løyve til saltsteinkøyring - Mardal og Fitje sankelag		2020/3783
ST 6/20	Naustdal-Gjengedal LVO - Søknad om fleirårig løyve til helikopterlanding - Indre Sunnfjord turlag		2020/746
ST 7/20	Naustdal-Gjengedal landskapsvernområde - Fornying av fleirårig løyve til snøskuterkøyring - Risbotnen beitelag		2020/1554
ST 8/20	Naustdal-Gjengedal LVO - Utvide løyve til kjentmannskøyring til fleirårig løyve - Naustdal Røde Kors Hjelpekorps		2020/2806
ST 9/20	Naustdal-Gjengedal landskapsvernområde - Søknad om å sette opp gapahuk i Traudalen - Stallrygg		2020/1441
ST 10/20	Naustdal-Gjengedal verneområdestyre - Prioritering av tiltaksmidler for 2020		2019/4173
ST 11/20	Naustdal-Gjengedal verneområdestyre - Møteplan for 2020		2019/2581
ST 12/20	Eventuelt		

ST 1/20 Godkjenning av innkalling og sakliste

Saksprotokoll i Naustdal-Gjengedal verneområdestyre - 20.03.2020

Vedtak ST 1/20

Merknad: Møtestad og starttidspunkt vart endra. Møtet var gjennomført som Skypemøte grunna koronaviruset, og møtestart vart utsett til kl 12.00

Med den merknaden vart innkalling og sakliste godkjent.

Arkivsaksnr: 2019/2581-0

Sakshandsamar: Alf Erik Røyrvik

Dato: 25.02.2020

Utval	Utvalssak	Møtedato
Naustdal-Gjengedal verneområdestyre	2/20	20.03.2020

Naustdal-Gjengedal verneområdestyre - Konstituering av styret for perioden 2020-2023

Saksprotokoll i Naustdal-Gjengedal verneområdestyre - 20.03.2020

Vedtak ST 2/20

Framlegg frå Karoline Bjerkeset, Gloppen kommune:

Framlegg om Karoline Bjerkeset som styreleiar og Marius Dalin som nestleiar.

Vedtak:

Framlegget vart samrøystes vedteke.

Karoline Bjerkeset frå Gloppen vart valt til styreleiar

Marius Dalin frå Sunnfjord vart valt til nestleiar

Saksutgreiing

a. Val av styreleiar

Styret må velje ein styreleiar.

Oppgåver som ligg til styreleiarvervet:

- leie styremøta
- vere forvaltar sin fremste overordna
- planlegge styremøta saman med forvaltar

Styreleiar har dobbeltrøyst ved likt stemmetal i styret.

Styreleiar får leiargodtgjerdsle i møta, som er noko høgare enn godtgjerdsle til andre styremedlemmer.

b. Val av nestleiar

Styret må velje ein nestleiar. Nestleiar er den som leiar møta og styret når ikkje styreleiar er til stades.

Utval	Utvalssak	Møtedato
Naustdal-Gjengedal verneområdestyre	3/20	20.03.2020

Naustdal-Gjengedal verneområdestyre – Delegeringsreglement

Saksprotokoll i Naustdal-Gjengedal verneområdestyre - 20.03.2020

Vedtak ST 3/20

Delegering av vedtaksmynde til verneområdeforvaltar vert som før:

Naustdal-Gjengedal verneområdestyre gjev forvaltar mynde til å gjere vedtak i saker av kurant karakter.

Med kurant karakter er meint følgjande:

- Saker etter dei spesifiserte dispensasjonsføresegnene i verneforskriftene om ferdsle og motorferdsle.
- Saker etter dei andre spesifiserte dispensasjonsføresegner i verneforskriftene og etter naturmangfaldlova § 48 der:
 - a) Det dreier seg om fornying av dispensasjon gjeve av styret eller arbeidsutvalet, og føresetnadene er tilnærma uendra.
 - b) Det føreligg etablert forvaltningspraksis frå saker handsama av styret/AU i tilsvarande sak.
 - c) Forvaltingsplanen gjev eintydige føringar for utfallet.

Forvaltaren sitt delegerte mynde gjeld berre eittårige løyve. Eventuell forlenging til fleirårige løyve kan berre gjerast av verneområdestyret.

Ved tvil skal forvaltar drøfte saka med styreleiar. Det skal kome fram av saksutgreiinga dersom forvaltaren treffer delegert vedtak i saka. Alle delegerte vedtak skal refererast for styret.

Saksutgreiing

Styret har høve til å delegere mynde til forvaltar i enkelte saker. Dette står omtala i vedtektene til styret:

Styret kan gje forvaltar mynde til å gjere vedtak i saker av kurant karakter. Med kurant karakter er meint følgjande:

Saker etter dei spesifiserte dispensasjonsføresegnene i verneforskrifta om ferdsle og motorferdsle.

Saker etter andre spesifiserte dispensasjonsføresegner i verneforskrifta og etter naturmangfaldlova § 48 der:

- a) Det dreier seg om fornying av dispensasjon gjeve av styret eller arbeidsutvalet, og føresetnadene er tilnærma uendra.*
- b) Det føreligg etablert forvaltningspraksis fra saker handsama av styret/AU i tilsvarende sak.*
- c) Forvaltingsplanen gjev eintydige føringar for utfallet.*

Ved tvil skal forvalter drøfte saka med styreleiar. Det skal kome fram av saksutgreiingadtersom forvaltaren treffer delegert vedtak i saka. Alle delegerte vedtak skal refererast for styret.

Erfaringane med å delegere mynde er gode. Det kan gå fleire månader mellom styremøta og nokre av sakene som dukker opp er «hastesaker». Særleg gjeld dette motorferdsel.

Delegeringsvedtaket som har vore gjeldande til no er slik:

«Naustdal-Gjengedal verneområdestyre gjev forvaltar mynde til å gjere vedtak i saker av kurant karakter.

Med kurant karakter er meint følgjande:

- *Saker etter dei spesifiserte dispensasjonsføresegnene i verneforskriftene om ferdsle og motorferdsle.*
- *Saker etter dei andre spesifiserte dispensasjonsføresegner i verneforskriftene og*

etter naturmangfaldlova § 48 der:

- a) Det dreier seg om fornying av dispensasjon gjeve av styret eller arbeidsutvalet, og føresetnadene er tilnærma uendra.*
- b) Det føreligg etablert forvaltningspraksis frå saker handsama av styret/AU i tilsvarende sak.*
- c) Forvaltingsplanen gjev eintydige føringar for utfallet.*

Forvaltaren sitt delegerte mynde gjeld berre eittårige løyve. Eventuell forlenging til fleirårige løyve kan berre gjerast av verneområdestyret.

Ved tvil skal forvaltar drøfte saka med styreleiar. Det skal kome fram av saksutgreiinga dersom forvaltaren treffer delegert vedtak i saka. Alle delegerte vedtak skal refererast for styret.»

Handsaming i møte:

Styret må vurdere:

- om det skal delegerast vedtaksmynde
- kva type saker det i so fall skal delegerast mynde i
- vilkår for delegerte vedtak

Utval	Utvalssak	Møtedato
Naustdal-Gjengedal verneområdestyre	4/20	20.03.2020

Naustdal-Gjengedal LVO - Fleirårig løyve til bruk av motorbåt på Langedalsvatnet - Mardal og Fitje sankelag

Saksprotokoll i Naustdal-Gjengedal verneområdestyre - 20.03.2020

Vedtak ST 4/20

Mardal og Fitje Sankelag får løyve til å bruke båt med motor på Langedalsvatnet i samband med transport knytt til beitebruk. Løyvet gjeld inntil ti turar tur/retur Fitjestøylen kvart år, og er gjeve med heimel i verneforskrifta § 3 pkt 5.3.b)

Vilkår for løyvet:

- Løyvet gjeld for perioden 2020 – 2023.
- Løyvet gjeld transport av forsyningar, utstyr og material i samband med sanking og beitebruk, og kan ikkje nyttast til rein persontransport.
- Det skal ikkje køyrast på sundagar og heilagdag.
- Det skal kvart år sendast ein kort rapport om bruken av løyvet til verneområdeforvaltar.

Innstilling frå forvaltar

Mardal og Fitje Sankelag får løyve til å bruke båt med motor på Langedalsvatnet i samband med transport knytt til beitebruk. Løyvet gjeld inntil ti turar tur/retur Fitjestøylen kvart år, og er gjeve med heimel i verneforskrifta § 3 pkt 5.3.b)

Vilkår for løyvet:

- Løyvet gjeld for perioden 2020 – 2023.
- Løyvet gjeld transport av forsyningar, utstyr og material i samband med sanking og beitebruk, og kan ikkje nyttast til rein persontransport.
- Det skal ikkje køyrast på sundagar og heilagdag.
- Det skal kvart år sendast ein kort rapport om bruken av løyvet til verneområdeforvaltar.

Saksutgreiing

Dokument i saka:

- Søknad om fornying av fleirårig løyve
- Verneforskrift for Naustdal-Gjengedal LVO
- Fleirårig løyve til bruk av motorbåt på Langedalsvatnet for 2016-2019

Søknaden

Mardal og Fitje sankelag søker om å få fornya løyvet dei har til å bruke båt med påhengsmotor på Langedalsvatnet. Løyvet har vore til naudsynt transport av utstyr og forsyningar i tilknytning til sauesanking. I tillegg ynskjer dei og å nytte dette løyvet til transport av andre forsyningar og materiale knytt til beitebruk i området, som saltsteinar og gjerdemateriell.

Verneforskrift og regelverk

Det er i utgangspunktet forbode med motorisert ferdsel i landskapsvernområdet. Men forvaltningsstyresmakta kan i visse tilfelle gje dispensasjon frå forbodet, mellom anna til transport i samband med beitebruk. Dette står i verneforskrifta sin § 3 pkt. 5.3 b):

§ 3 Vernereglar

5.3. Forvaltningsstyresmakta kan gje løyve til bruk av luftfarty, båt med motor, eller beltekøyrety på vinterføre i samband med:

[...]

b) transport av saltstein og liknande for husdyr på beite

Transport i samband med sauesanking inkluderer vi her under definisjonen «...og liknande for husdyr på beite». Forvaltningsstyresmakta har altså heimel til å gje ein slik dispensasjon som det er søkt om.

Søklar må sjølv syte for å ha naudsynte løyver frå andre instansar, til dømes løyve frå kommunen i tråd med lova om motorferdsel i utmark og på vassdrag, og løyve frå grunneigarar.

I tråd med § 7 i naturmangfaldlova (nml) skal alle vedtak som kan ha innverknad på naturgrunnlaget, vurderast opp mot prinsippa i nml §§ 8-12.

Vurdering

Mardal og Fitje sankelag har hatt løyve til slik transport sidan 2012. Grunnlaget for søknaden er det same som tidlegare, og vurderingane vil vere dei same no. Forvaltar syner derfor til dei vurderingane og går ikkje nærmare inn på det. Verneområdestyret har dessutan framleis som forvaltningspraksis å kome beitenæringa i møte gjeldande næringa sine transportbehov, innanfor rammene som verneforskrifta set for motorferdel.

Sankelaget har skjøtta løyva dei har hatt til motorferdsel godt. Dei er ein seriøs og ryddig aktør både når det gjeld søknadsprosessar og gjennomføring av motorferdsel. Erfaringane med dei løyva dei har hatt er gode.

Nytt i denne søknaden er at sankelaget vil nytte løyve til å bruke båt med motor til å transportere gjerdemateriell og saltstein. I dei milde vintrane vi har no er bruk av båt på Langedalsvatnet meir og meir aktuelt til transport, sidan det sjeldnare legg seg is på vatnet og det sjeldnare er god føre for å køyre snøskuter. Forvaltninga kan ikkje sjå at dette er noko negativt, heller tvert om. Bruk av båt er ein særskild skånsam form for transport.

Forvaltninga vil minne om at ein ikkje har heimel til å gje løyve til persontransport. Dette hindrar ikkje at mannskap kan følgje med under transportane, men ein kan ikkje bruke slike løyve til rein persontransport. Det er viktig at tiltakshavar set seg inn i løyvet og vilkåra for løyvet, og følgjer opp det som står der.

Kunnskapsgrunnlaget i denne saken er godt opplyst, jf. nml § 8. Forvaltninga er godt kjende i området. Ein har ikkje kjennskap til nokon natur- eller verneverdiar som kan verte negativt påverka av tiltaket. Det er snakk om eit avgrensa tal turar der motor skal nyttast, strekninga er ikkje lang og den motoriserte ferdsla i området er på eit minimum. Den samla belastninga av motorferdsel i området er derfor ikkje stor og godt innanfor det akseptable, jf nml § 10. Bruk av båt til transport er etter forvaltninga sitt syn den mest skånsame måten å transportere på jf. § 12, sjølv om det skjer ved hjelp av påhengsmotor.

Nml §§ 9 og 11 er ikkje relevante i denne saka.

Utval	Utvalssak	Møtedato
Naustdal-Gjengedal verneområdestyre	5/20	20.03.2020

Naustdal-Gjengedal LVO - Fleirårig løyve til saltsteinkøyring - Mardal og Fitje sankelag

Saksprotokoll i Naustdal-Gjengedal verneområdestyre - 20.03.2020

Vedtak ST 5/20

Mardal og Fitje sankelag får løyve til å bruke snøskuter til transport av saltstein. Løyvet gjeld ein tur med inntil to snøskuterar kvart år i perioden 2020 - 2023 på ruta Jardalen – Svartekari – Tverrfjellet – retur.

Løyvet er gjeve med heimel i verneforskrifta § 3 pkt. 5.3.b) og gjeld på følgjande vilkår:

- Køyring skal gjennomførast i perioden 1. mars – 30.april, og det skal ikkje køyrast på sundagar eller heilag dagar.
- Løyvet skal vere med under køyring.
- Statens Naturoppsyn (tlf.: 40448216) skal varslast seinast dagen før køyringa tek til. SNO kan stanse køyring dersom til dømes omsyn til villrein krev det.
- Det skal sendast ein kort rapport til verneområdeforvaltar etter køyring.
- Det skal ikkje køyrast inn i området dersom villreinen er observert langs ruta.
- Det skal ikkje køyrast nærmare reinsdyr enn 500m. Vert det observert reinsdyr nærmare enn det, må køyringa stogge til reinen har trekt vekk.

Framlegg til vedtak frå forvaltar:

Mardal og Fitje sankelag får løyve til å bruke snøskuter til transport av saltstein. Løyvet gjeld ein tur med inntil to snøskuterar kvart år i perioden 2020 - 2023 på ruta Jardalen – Svartekari – Tverrfjellet – retur.

Løyvet er gjeve med heimel i verneforskrifta § 3 pkt 5.3.b) og gjeld på følgjande vilkår:

- Køyning skal gjennomførast i perioden 1. mars – 30.april, og det skal ikkje køyrast på sundagar eller heilagdaggar.
- Løyvet skal vere med under køyning.
- Statens Naturoppsyn (tlf: 975 95 102) skal varslast seinast dagen før køyninga tek til. SNO kan stanse køyning dersom til dømes omsyn til villrein krev det.
- Det skal sendast ein kort rapport til verneområdeforvaltar etter køyning.
- Det skal ikkje køyrast inn i området dersom villreinen er observert langs ruta.
- Det skal ikkje køyrast nærmare reinsdyr enn 500m. Vert det observert reinsdyr nærmare enn det, må køyninga stogge til reinen har trekt vekk.

Saksutgreiing

Dokument i saka:

- Søknad om å fornye skuterløyve frå Mardal og Fitje sankelag
- Verneforskrift for Naustdal-Gjengedal LVO
- Fleirårig løyve til skuterkøyning 2016-2019 – Mardal og Fitje sankelag

Søknaden

Mardal og Fitje sankelag har i sidan 2012 hatt fleirårige løyve til å transportere saltstein ut i beiteområda sine med snøskuter. Først i 2012 til 2015, og deretter i 2016-2019 har dei hatt løyve til å køyre ein tur kvart år langs ruta Jardalen – Svartekari – Tverrfjellet – retur, på visse vilkår. Dei søker no om å få fornya det løyvet for ein ny periode. Dei søker no om at løyve skal gjelde for to snøskuterar. Dette av omsyn til tryggleiken, og for å kunne fordele vekta av lasta og lettare få gjennomført transporten.

Verneforskrift og regelverk

I utgangspunktet er motorferdsel forbode inne i verneområdet, jf verneforskrifta § 3, punkt 5.1. Men i følge § 3, punkt 5.3 so kan forvaltingsstyresmakta gje dispensasjon frå dette forbodet i visse tilfelle, mellom anna transport av saltstein:

5.3. *Forvaltingsstyresmakta kan gje løyve til bruk av luftfarty, båt med motor, eller beltekøyrety på vinterføre i samband med:*

[...]

b) transport av saltstein og liknande for husdyr på beite

Forvaltingsstyresmakta har derfor heimel til å gje ein slik dispensasjon som Mardal og Fitje sankelag søker om her.

All motorferdsel i utmark må vere i tråd med lov om motorferdsel i utmark. Det er kommunen som handsamer denne lova. Ein må òg ha løyve frå grunneigar der kor ein køyrer, og alle grunneigarar har høve til å nekte ferdsel på sin grunn. Vidare skal køyrety skal vere registrert og i forskriftsmessig stand, og det skal nyttast hjelm under køyring.

Alle vedtak som kan verke inn på naturmiljøet skal, jamfør naturmangfaldlova (nml) § 7, vurderast opp mot miljørettsprinsippa i §§ 8 – 12 i same lova.

Vurdering

Grunnlaget for søknaden er det same som på det tidlegare løyvet. Behovet for tiltaket var vurdert den gongen og forvaltaren syner til vurderinga som vart gjort i saksutgreiinga den gong. Styret sin forvaltningspraksis har dessutan heile tida vore å kome beitenæringa sine transportbehov i møte og gje naudsynte løyve innanfor dei rammene som verneforskrift og anna regelverk set.

Erfaring med sankelaget si handtering av det tidlegare løyvet er gode. Dei har hatt tett kontakt med forvaltar og naturoppsyn, særleg med tanke på å ta omsyn til villreinen. Dialogen kring dette har som sagt vore god og sankelaget har tatt dei omsyn dei har blitt pålagt av forvaltninga. Vi har heller ikkje registrert negative tilbakemeldingar frå andre brukarar i området.

Ønsket om å få køyre med to snøskuterar er forståeleg. Det har med tryggleik å gjere, og dessutan kan det vere lettare å kome fram på vanskeleg føre dersom ein har to skuterar til å fordele lasta på, eller ein skuter til å køyre spor for den andre. Det vil dessutan vere med «skånsamt» å køyre med to skuterar, enn å måtte køyre fleire turar med ein skuter.

Jardalen og fjella rundt er vinterbeiteområde og på seinvinteren når det nærmar seg kalving er villreinen sårbar for uro. Vi har ikkje registrert at villreinen har blitt skremd eller påverka på anna måte når sankelaget har køyrt skuter tidlegare. Dei observasjonane som har vore gjort under køyring tyder heller på at villreinen tek dette ganske roleg. Dette kan likevel variere frå dyr til dyr og frå situasjon til situasjon. Vi bør derfor halde på dei vilkåra som har vore sett i dei tidlegare løyva av omsyn til villrein.

Utover villreinen kjenner vi ikkje til sårbare verdiar som kan verte negativt påverka. Dette er eit område som forvaltninga er godt kjende i og kor vi har lang erfaring frå ulike typar saker. Kunnskapsgrunnlaget (jamfør nml § 8) er særst godt. So lenge dei naudsynte omsyn til villrein vert teke, kjem ikkje føre-var-prinsippet i nml § 9 i bruk.

Omfanget av motorferdsel i området er kjent og ganske lågt. Samla belastning av dette tiltaket og eventuelle framtidige løyve (jamfør nml § 9) er innanfor det som er akseptabelt. Bruk av snøskuter er den mest skånsame metoden å få gjennomført transporten av saltstein, og nml § 12 er derfor oppfylt.

Nml § 11 er ikkje aktuell i saka.

Utval	Utvalssak	Møtedato
Naustdal-Gjengedal verneområdestyre	6/20	20.03.2020

Naustdal-Gjengedal LVO - Søknad om fleirårig løyve til helikopterlanding - Indre Sunnfjord turlag

Saksprotokoll i Naustdal-Gjengedal verneområdestyre - 20.03.2020

Vedtak ST 6/20

Indre Sunnfjord Turlag får løyve til å lande ved Longevasshytta i samband med transport av forsyningar til hytta. Løyvet gjeld for inntil fem landingar kvart år.

Løyvet er gjeve med heimel i verneforskrifta § 3 pkt 5.3.e) og gjeld på følgjande vilkår:

- Løyvet gjeld for åra 2020-2023 og i periodane 1.6 – 15.8 og 5.9 – 30.9 desse åra.
- Dette løyvet skal vere med under flyginga.
- Løyvet kan ikkje nyttast til rein persontransport.
- Statens naturoppsyn v/Sverre Sæten (tlf: 40448216) skal informerast om flyginga seinast dagen før flyginga vert gjennomført. SNO kan stogge flyging dersom omsyn til villrein eller andre tilhøve skulle tilseie det.
- Det skal ikkje landast ved hytta dersom villreinen står mindre enn 1 km frå hytta.
- Kvart år skal det sendast ein kort rapport om flyginga til verneområdeforvaltar.
- Indre Sunnfjord Turlag må sjølv syte føre å ha naudsynte løyve frå kommunar og grunneigarar.

Framlegg til vedtak frå forvaltar

Indre Sunnfjord Turlag får løyve til å lande ved Longevasshytta i samband med transport av forsyningar til hytta. Løyvet er gjeve med heimel i verneforskrifta § 3 pkt 5.3.e) og gjeld på følgjande vilkår:

- Løyvet gjeld for åra 2020-2023 og i periodane 1.6 – 15.8 og 5.9 – 30.9 desse åra.
- Dette løyvet skal vere med under flyginga.
- Løyvet kan ikkje nyttast til rein persontransport.
- Statens naturoppsyn v/Rune Holen (tlf: 975 95 102) skal informerast om flyginga seinast dagen før flyginga vert gjennomført. SNO kan stogge flyging dersom omsyn til villrein eller andre tilhøve skulle tilseie det.
- Det skal ikkje landast ved hytta dersom villreinen står mindre enn 1 km frå hytta.
- Kvart år skal det sendast ein kort rapport om flyginga til verneområdeforvaltar.
- Indre Sunnfjord Turlag må sjølv syte føre å ha naudsynste løyve frå kommunar og grunneigarar.

Saksutgreiing

Dokument i saka:

- Søknad om fleirårig helikopterløyve for transport til Longevasshytta frå Indre Sunnfjord turlag
- Verneforskrift for Naustdal-Gjengedal LVO
- Fleirårig løyve til helikopterlanding 2016-2019

Søknaden

Indre Sunnfjord turlag eig Longevasshytta som ligg inne i Naustdal-Gjengedal landskapsvernområde. Det er ei sjølvbetent hytte med lager av både ved, gass og mat. Det er med andre ord jamleg behov for å transportere forsyningar til hytta. Turlaget har hatt eit fleirårig løyve til å lande med helikopter ved Longevasshytta, og dei søker no om å få fornya det løyvet. Dei har til no hatt løyve til inntil fem landingar i året.

Verneforskrift og regelverk

Motorferdsel, inkludert landing med helikopter, er i utgangspunktet forbode i Naustdal-Gjengedal landskapsvernområde. Men, forvaltningsstyresmakta kan gje løyve til landing med helikopter i samband med transport av varer og forsyningar til hytter i landskapsvernområdet. Dette er heimla i verneforskrifta § 3 pkt 5.3.e) og f):

5.3. Forvaltningsstyresmakta kan gje løyve til bruk av luftfarty, båt med motor, eller beltekøyrety på vinterføre i samband med:

[...]

e) transport av varer til hytter og stølar

I tillegg til eit eventuelt løyve frå forvaltningsstyresmakta, so må ein ha løyve frå kommunen og løyve frå grunneigar der som ein skal lande.

I følgje naturmangfaldlova (nml) § 7 skal alle vedtak som kan ha verknad på naturmiljøet, vurderast opp mot nml §§ 8-12.

Vurdering

Turlaget sitt behov for å frakte varer, forsyningar og materialar til hyttene sine er eit reelt og naturleg behov. Turlaget vil jamleg ha behov for dette. Verneområdestyret har som forvaltningspraksis å kome desse behova i møte, og det står dessutan omtala i forvaltningsplanen. Når det gjeld føremål og behov, so viser eg til dei vurderingar som har vore gjort tidlegare.

IST søkjer om flyging i perioden 15. mai til 30. august. Det er forståeleg at dei søkjer om ein lang periode for å kunne tilpasse seg til ver, andre oppdrag hos helikopterselskapet og ikkje minst kor tid dei frivillige i turlaget kan stille opp.

Tidleg på sommaren kan vere ei sårbar tid for hekkande fugl og særleg rovfugl. Turlaget har her søkt om løyve frå 15. mai, men vi brukar å gje løyve til helikopter først frå 1. juni av omsyn til hekketida. Vidare søkjer dei om flyging fram til 30. august. Reinsjakta i området startar 20. august, og vi prøvar å unngå flyging i den mest aktuelle jakttida. Turlaget har tidlegare hatt løyve i periodane 1.6 – 15.8 og 5.9 – 30.9 og eg vil rå til at vi held fram med det.

Det er søkt om inntil fem hiv kvart år. Det verkar til å vere eit fornuftig nivå, og det er innanfor dei rammene som er signalisert i forvaltningsplanen.

Det er ganske vanleg å bruke helikopter til transport av forsyningar, materialar, utstyr mm. i verneområde, særleg i barmarksesongen. Erfaring og kunnskap syner at dette er den mest skånsame måten å gjennomføre ein slik transport på, då den ikkje set spor i terrenget. Omsyn til villrein og rovfugl vil verte lagt vekt på når periodar for flyging vert bestemt i eit eventuelt løyve, og det vil kunne leggast vilkår om slike omsyn. Databasane Naturbase og Artskart syner ingen sårbare førekomstar i dette området som kan verte påverka negativt av tiltaket. Kunnskapsgrunnlaget (jf. nml § 8) kring tiltaket er godt, og føre-var-prinsippet (jf. nml § 9) treng derfor ikkje nyttast.

Omfanget av motorferdsel i dette området er lågt. Det var litt høgare nokre år i samband med utviding av hytta, men dette var og innanfor regulerte og akseptable rammer. Det er få andre bygningar i dette området, og dei får dekkja transportbehov gjennom skuterløyve på seinvinteren/våren. Den samla belastinga (jf. nml § 10) av motorferdsel i dette området er låg, og forvaltninga ser på den som uproblematisk so lenge løyve og vilkår vert fylgt. . Det er ikkje forventa at tiltaket kan føre til skade på naturmiljøet som kan utløyse krav om miljøerstatning (jf. nml § 11). Som påpeika tidlegare er bruk av helikopter den mest skånsame metoden for transport i barmarkspanperioden (jf. nml § 12).

Sunnfjord kommune har gjeve kløyve til flyginga, med vilkår om at IST får løyve frå verneområdestyret.

Utval	Utvalssak	Møtedato
Naustdal-Gjengedal verneområdestyre	7/20	20.03.2020

Naustdal-Gjengedal landskapsvernområde - Fornying av fleirårig løyve til snøskuterkøyring - Risbotnen beitelag

Saksprotokoll i Naustdal-Gjengedal verneområdestyre - 20.03.2020

Vedtak ST 7/20

Risbotnen beitelag får løyve til å køyre ut saltstein med snøskuter til dei fem saltautomatane sine. Løyvet gjeld for inntil to turar kvart år i tida 1.jan-30.mars, i perioden 2020-2023. Løyvet er gjeve med heimel i verneforskrifta § 3 pkt. 5.3.b).

Vilkår til løyvet:

- Dette løyvet skal vere med under køyring
- Det skal ikkje køyrast på søndagar og heilagdag
- Det skal ikkje køyrast nærmare villrein enn 500m.
- Det skal gjevast melding til Statens Naturoppsyn v/Sverre Sæten (tlf.: 40448216) seinast dagen før køyring. SNO kan nekte køyring dersom omsyn til natur og miljø krev det.
- Køyring skal rapporterast til verneområdeforvaltar etter kvar sesong, innan 15.mai.

Innstilling frå forvaltar

Framlegg til vedtak frå forvaltar:

Risbotnen beitelag får løyve til å køyre ut saltstein med snøskuter til dei fem saltautomatane sine. Løyvet gjeld for inntil to turar kvart år i tida 1.jan-30.mars, i perioden 2020-2023. Løyvet er gjeve med heimel i verneforskrifta § 3 pkt 5.3.b).

Vilkår til løyvet:

- Dette løyvet skal vere med under køyring
- Det skal ikkje køyrast på søndagar og heilagdag
- Det skal ikkje køyrast nærmare villrein enn 500m.
- Det skal gjevast melding til Statens Naturoppsyn v/Rune Holen (tlf 975 95 102) seinast dagen før køyring. SNO kan nekte køyring dersom omsyn til natur og miljø krev det.
- Køyring skal rapporterast til verneområdeforvaltar etter kvar sesong, innan 15.mai.

Saksutgreiing

Dokument i saka:

- Søknad om fornying av fleirårig skuterløyve
- Verneforskrift for Naustdal-Gjengedal LVO
- Snøskuterløyve til Risbotnen beitelag 2016-2019

Søknad

Risbotnen beitelag har hatt løyve til å transportere saltstein med snøskuter i beiteområdet sitt i Risbotnen og ved Rantane. Dei har fem saltautomatar i området og har fordelt på to periodar sidan 2014 hatt løyve til å køyre to turar kvart år til desse automatane. Beitelaget søker no om å få fornya det løyvet for nye fire år på dei same vilkår som før.

Verneforskrift og regelverk

Motorferdsel er i utgangspunktet forbode i landskapsvernområdet, jamfør verneforskrifta § 3 punkt 5.1. Men forvaltningsstyresmakta kan likevel gje løyve til køyring av saltsteinar jamfør § 3 punkt 5.3:

§3 vernereglar

5.3. Forvaltningsstyresmakta kan gje løyve til bruk av luftfarty, båt med motor, eller beltekøyrety på vinterføre i samband med:

[...]

b) transport av saltstein og liknande for husdyr på beite

Verneområdestyret har altso heimel til å gje eit slikt løyve som det er snakk om.

I tillegg til ein eventuell dispensasjon til motorferdsel i landskapsvernområdet, må søkjaren sørge for at køyringa er i tråd med lova om motorferdsel i utmark (løyve eller klarering hjå kommunen) og løyve frå grunneigar til å køyre på grunnen.

Vurdering

Utkøyring av saltstein er eit vanleg og akseptert behov innanfor Naustdal-Gjengedal landskapsvernområde. Det er omtala både i verneforskrift og forvaltningsplan, og verneområdestyret har som forvaltningspraksis å gje løyve til dette føremålet. Føremålet og behovet vart vurdert i samband med det førre løyvet, og det har ikkje kome inn nye moment til dette.

Forvaltninga har ikkje fått negative tilbakemeldingar i samband med løyvet beitelaget hadde verken i 2014-2015 og i 2016-2019, eller registrert andre negative verknader av det. Alt tyder på at dei løyva har vore nytta og forvalta på ein god måte.

Området på sørsida av Storevatnet og Dalevatnet er definert som kalvingsområde for villreinen i området. Villrein er sårbar for uro i tida før og under kalving, og dette må takast omsyn til. I samråd med villreininteressene og beitenæringa har vi kome fram til ei semje om at ein kan køyre snøskuter i området fram til 1. april. Dette føreset at ein tek naudsynte omsyn dersom ein observerer villrein i området før eller under køyring. Den linja vil det vere naturleg å halde seg på.

Jamfør § 7 i naturmangfaldlova (nml) skal alle tiltak som kan påverke natur og miljø vurderast opp mot nml §§ 8-12. § 8 handlar om kunnskapsgrunnlaget. I denne saka er kunnskapsgrunnlaget basert på erfaringar frå tidlegare løyve, både til Risbotnen beitelag og til andre aktørar. Forvaltninga har etter kvart ei viss erfaring i å balansere beitenæringa sine behov opp mot omsynet til villrein, og vi meiner vi har funne ein god balanse her. Forvaltninga har dessutan vore på fleire synfaringar og turar i området siste åra og er godt kjende. Saka er godt belyst og kunnskapsgrunnlaget er so godt at føre-var-prinsippet i § 9 ikkje er aktuelt i denne saka.

Den samla belastninga av motorferdsel og anna aktivitet i området vert vurdert til å vere innanfor det akseptable (jamfør nml § 10). Motorferdsla i dette området avgrensar seg til eit lågt ta turar med snøskuter for beitenæringa og for hjelpekorpsa. Dette er aktivitet som er godt regulert og vurdert gjennom regelverk og sakshandsaming. Det er ikkje forventa at tiltaket skal føre med seg skade på naturmangfald som gjer erstatning jamfør § 11 aktuelt. Transportmetoden som det er søkt om, er blant dei mest skånsame metodane jamfør nml § 12.

Utval	Utvalssak	Møtedato
Naustdal-Gjengedal verneområdestyre	8/20	20.03.2020

Naustdal-Gjengedal LVO - Utvide løyve til kjentmannskøyning til fleirårig løyve - Naustdal Røde Kors Hjelpekorps

Saksprotokoll i Naustdal-Gjengedal verneområdestyre - 20.03.2020

Vedtak ST 8/20

Naustdal Røde Kors Hjelpekorps får løyve til å køyre kjentmannskøyning i tråd med øvingsplanen sin, på følgjande ruter inne i Naustdal-Gjengedal landskapsvernområde:

- tre turar kvart år med inntil tre skuterar på strekninga frå Vonavatnet til Longevasshytta
- tre turar kvart år med inntil tre skuterar på strekninga frå Vonavatnet til Vonaskaret
- tre turar kvart år med inntil tre skuterar på strekninga frå Svorstøl til Sandfjellet

Løyvet er gjeve med heimel i naturmangfaldlova § 48, og gjeld til og med 30.april 2023.

Vilkår for løyvet:

- Løyve, øvingsplan og køyrebok skal vere med under køyning.
- Løyvet kan berre brukast til kjentmannskøyning, og ikkje til generell øvingskøyning.
- Det skal ikkje køyrast på sundagar og heilagdagane med mindre det er strengt naudsynt.
- Det skal takast omsyn til villrein. Det skal ikkje køyrast nærmare villrein enn 500m.
- Ruta Vonavatnet – Longevasshytta skal ikkje køyrast etter 1.april.
- Statens naturoppsyn (tlf. 40448216) skal varslast før køyning tek til.
- Det skal sendast rapport om gjennomført køyning til forvaltaren innan 1. juni.

Innstilling frå forvaltar

Naustdal Røde Kors Hjelpekorps får løyve til å køyre kjentmannskøyring i tråd med øvingsplanen sin, på følgjande ruter inne i Naustdal-Gjengedal landskapsvernområde:

- tre turar kvart år med inntil tre skuterar på strekninga frå Vonavatnet til Longevasshytta
- tre turar kvart år med inntil tre skuterar på strekninga frå Vonavatnet til Vonaskaret
- tre turar kvart år med inntil tre skuterar på strekninga frå Svorstøl til Sandfjellet

Løyvet er gjeve med heimel i naturmangfaldlova § 48, og gjeld til og med 30.april 2023.

Vilkår for løyvet:

- Løyve, øvingsplan og køyrebok skal vere med under køyring.
- Løyvet kan berre brukast til kjentmannskøyring, og ikkje til generell øvingskøyring.
- Det skal ikkje køyrast på sundagar og heilagdagane med mindre det er strengt naudsynt.
- Det skal takast omsyn til villrein. Det skal ikkje køyrast nærmare villrein enn 500m.
- Ruta Vonavatnet – Longevasshytta skal ikkje køyrast etter 1.april.
- Statens naturoppsyn (tlf 975 95 102) skal varslast før køyring tek til.
- Det skal sendast rapport om gjennomført køyring til forvaltaren innan 1. juni.

Saksutgreiing

Dokument i saka:

- Øvingsplan for Naustdal Røde Kors Hjelpekorps for 2020-2023
- Uttale frå Vest politidistrikt
- «Retningslinjer om redningstjenestens bruk av snøscooter i utmark og i verneområder» - Rundskriv frå Miljøverndepartementet frå 31.01.2013.
- Løyve til kjentmannskøyring for 2016-2019.
- Delegert løyve til kjentmannskøyring i 2020

Søknaden

Naustdal Røde Kors Hjelpekorps har sendt inn øvingsplanen sin for 2020 til 2023, med vurderingane til Vest politidistrikt. Øvingsplanen er å sjå på som ein søknad jamfør rundskrivet frå 2013.

Naustdal RKH har sett opp ein ganske omfattande øvingsplan. I planen ligg det fleire kjentmannsturar som går inn i Naustdal-Gjengedal landskapsvernområde. Kvar vinter i perioden januar til april skal det køyrast inntil tre turar til Longevasshytta, tre turar til Vonaskaret og tre turar på Sandfjellet. På desse ni kjentmannsturane skal det vere rom for å køyre med inntil tre snøskuterar.

Vest politidistrikt har gjennom si vurdering godkjent desse turane, med visse atterhald. Politiet oppmodar om at dei siste turane til Sandfjellet, Longevasshytta og Vonaskaret, som skal gå i mars/april, skal vere gjennomført før påske. Politiet set og atterhald om at turen til Longevasshytta skal køyrast før 1.april av omsyn til villrein.

Regelverket

Søknader om kjentmannskøyning skal handsamast etter Rundskriv om redningstenesta sin bruk av snøskuter i utmark og verneområde av 31.01.13, frå dåverande Miljøverndepartementet. Vidare skal sakene i følge det rundskrivet vurderast opp mot naturmangfaldlova (nml) sin generelle dispensasjonshemmel i § 48, første alternativ (understreka):

§ 48. (dispensasjon fra vernevedtak)

Forvaltningsmyndigheten kan gjøre unntak fra et vernevedtak dersom det ikke strider mot vernevedtakets formål og ikke kan påvirke verneverdiene nevneverdig, eller dersom sikkerhetshensyn eller hensynet til vesentlige samfunnsinteresser gjør det nødvendig.

I slike «§48-saker» skal altso tiltaket vurderast opp mot verneverdiane og ikkje minst verneføremålet i § 2 i verneforskrifta.

Vurdering

Naustdal RK Hjelpekorps har allereie fått løyve til kjentmannskøyning for 2020 som delegert vedtak frå verneområdeforvaltar. I følgje delegeringsreglementet er det berre styret som kan gje fleirårige løyve. Det er derfor styret som kan gje eit løyve som vil gjelde for heile øvingsplanen (2020-2023).

Dei naturfaglege og juridiske vurderingane er elles dei same som i det delegerte vedtaket, og verneområdeforvaltaren viser til dei vurderingane og innstiller på eit fleirårig løyve til kjentmannskøyning.

Utval	Utvalssak	Møtedato
Naustdal-Gjengedal verneområdestyre	9/20	20.03.2020

Naustdal-Gjengedal landskapsvernområde - Søknad om å sette opp gapahuk i Traudalen - Stallrygg

Saksprotokoll i Naustdal-Gjengedal verneområdestyre - 20.03.2020

Vedtak ST 9/20

Stallrygg får løyve til å sette opp ein gapahuk på 2x5 m på eigedomen sin ved Traudalsvatnet i Naustdal-Gjengedal landskapsvernområde. Løyvet er gjeve med heimel i naturmangfaldlova § 48 første ledd og gjeld på desse vilkåra:

- Gapahuken skal vere i tråd med skissene i søknaden, med flate på 2m x 5m, høgde på maksimalt 2,4 meter.
- Det skal ikkje vere fundament av mur.
- Søkjar skal unngå å gjere inngrep i terrenget so langt det er praktisk mogeleg.
- Bygget skal ha ståande kledning i nøytrale fargar og torvtak med stadeigen torv. Asfaltplater skal vere kledd inn.
- Tiltakshavar er ansvarleg for å rydde opp etter bygginga. Alt avfall og bygningsrestar skal fjernast frå verneområdet.
- Søkjar er sjølv ansvarleg for eventuelt kommunalt løyve dersom det er naudsynt.

Verneområdeforvaltar skal på synfaring på staden både før bygging tek til, og når arbeidet er ferdig. Forvaltar kan gje pålegg om retting dersom bygget eller oppryddinga ikkje er i tråd med vilkåra.

Innstilling frå forvaltar

Framlegg til vedtak frå forvaltar:

Stallrygg får løyve til å sette opp ein gapahuk på 2x5 m på eigedomen sin ved Traudalsvatnet i Naustdal-Gjengedal landskapsvernområde. Løyvet er gjeve med heimel i naturmangfaldlova § 48 første ledd og gjeld på desse vilkåra:

- Gapahuken skal vere i tråd med skissene i søknaden, med flate på 2m x 5m, høgde på maksimalt 2,4 meter.
- Det skal ikkje vere fundament av mur.
- Bygget skal ha ståande kledning i nøytrale fargar og torvtak med stadeigen torv.
- Tiltakshavar er ansvarleg for å rydde opp etter bygginga. Alt avfall og bygningsrestar skal fjernast frå verneområdet.

Verneområdeforvaltar skal på synfaring når arbeidet er ferdig. Forvaltar kan gje pålegg om retting dersom bygget ikkje er i tråd med vilkåra.

Saksutgreiing

Dokument i saka:

- søknad om oppføring av gapahuk i Traudalen
- kart og skisser som vedlegg til søknaden
- verneforskrift for Naustdal-Gjengedal landskapsvernområde
- naturmangfaldlova
- forvaltningsplan for Naustdal-Gjengedal LVO

Søknaden

Stallrygg v/Morten Rygg søker om å få sette opp ein gapahuk i Traudalen. Stallrygg driv med hesteturisme og organiserte rideturar i området, og gapahuken skal nyttast som leirplass og til overnatting i samband med rideturane.

Dei vil sette opp ein enkel gapahuk på eigedommen, litt bak nausta som ligg i nordaustre enden av Traudalsvatnet. Avstanden ned til nausta og vasskanten vert om lag 40 meter. Gapahuken skal ha eit golvareal på 2 x 5 m, altså 10 m². Med takutstikk vert BYA på 3 x 6 m, altså totalt 18 m². Bygget skal ha reisverk i rundtømmer felt på staden, og ståande kledning av breie bord (8 tommer). Gapahuken skal ha tette veggar på sidene og bak, men open i halve fronten. På taket skal det vere torvtak og maks høgde vert 2,4 meter.

Verneforskrift og regelverk

Oppføring av nye bygningar og installasjonar er i utgangspunktet forbode i landskapsvernområdet, jamfør verneforskrifta § 3 pkt. 1.1. Forvaltningsstyresmakta kan gje løyve til det til visse føremål, men det som er søkt om her er ikkje av desse føremåla. Søknaden må derfor handsamast etter den generelle dispensasjonsheimelen i naturmangfaldlova (nml) § 48:

Forvaltningsmyndigheten kan gjøre unntak fra et vernevedtak dersom det ikke strider mot vernevedtakets formål og ikke kan påvirke verneverdiene nevneverdig, eller dersom sikkerhetshensyn eller hensynet til vesentlige samfunnsinteresser gjør det nødvendig.

Her er det første alternativ (mi understreking) som er aktuell å bruke.

Jamfør nml § 7 skal alle vedtak som kan verke inn på naturmiljøet, vurderast opp mot miljørettsprinsippa i nml §§ 8 til 12.

Vurdering

I desse «§48-sakene» må ein først vurdere om det er heimel i paragrafen til å gje dispensasjon. I denne saka vil det seie å vurdere om tiltaket er i strid med verneføremålet eller om det påverkar verneverdiane. Dersom tiltaket ikkje er det, so må ein deretter gjere ei fagleg vurdering om det er tilrådeleg å gje løyve.

Når ein skal vurdere eit tiltak opp mot verneføremålet, so må ein sjå til § 2 i verneforskrifta:

§ 2. Formål

Formålet med vernet er å ta vare på eit eigenarta og vakkert naturområde som er så godt som fritt for tyngre tekniske inngrep, og som har stor variasjon i natur frå lågland og stølsdalar til fjellområde med brear, mange dalar med elvar og store og mindre vatn. Det er vidare eit formål å ta vare på kulturlandskapet med dei kulturminna det inneheld. Området skal også kunne nyttast til tradisjonelt friluftsliv utan særleg teknisk tilrettelegging.

Det å unngå tekniske inngrep er sentralt i verneføremålet. Men verneområdet er variert, i delar av verneområdet er det allereie ein del bygningar og andre inngrep. I denne enden av Traudalsvatnet er det allereie mange bygningar. Ein enkel gapahuk i eit område kor det allereie er fleire bygningar kan ikkje seiast å vere i strid med verneføremålet og påverkar ikkje verneverdiane nemneverdig. Med andre ord er det heimel i naturmangfaldlova § 48 til å handsame saka.

Det er fleire moment som må vurderast i ei slik sak som denne. Først bør ein alltid sjå på føremålet bak tiltaket. Her er det ønske om å bygge gapahuk som ein del av hesteturisme og organisert riding. Eigarane av Stallrygg har denne verksemda som eit tillegg til gardsdrift. Det er ikkje noko prinsipielt i vegen med å drive kommersiell verksemd inne i verneområdet. Tvert i mot er styre og forvaltning er positive til verdiskaping so lenge aktiviteten ikkje går ut over verneverdiane. Og det har vi allereie slått fast at det ikkje gjer.

Ei viktig vurdering er om tiltaket vil gå ut over sårbare eller viktige naturverdiar. Vi har allereie konkludert med at det ikkje går ut over verneverdiane, men det kan vere andre verdiar å ta omsyn til. Dette er eit område kor forvaltninga er godt kjend, og vi kjenner ikkje til nokon slike verdiar her. Dette er eit område kor det allereie er ein del bygningar og andre mindre inngrep som vegar og stiar, og tiltaket går derfor ikkje ut over urøyd natur.

Dersom ein kan finne ei tilfredsstillande plassering utanfor verneområdet so bør ein velje den. Naturmangfaldlova § 12 seier og at mest skånsame plassering skal veljast. Den plasseringa det er snakk om ligg ganske nær grensa, og ein kunne nok funne ei omtrent like god utanfor grensa. Men sidan dette er ein del av Stallrygg si verksemd, so vil dei naturleg nok ha det på gnr/bnr 12/10 sin eigedom. Og 12/10 har ikkje annan brukande eigedom på utsida av verneområdet (sjå vedlagt kart).

Ein har derfor i praksis ikkje anna alternativ plassering som ligg utanfor verna område, og den omsøkte plasseringa rett bak nausta er den mest skånsame plasseringa.

Det er søkt om å bygge ein gapahuk med 2 x 5 m golvflate. Gapahuken skal ha ståande kledning med breie bord og torv på taket. Maks høgde på taket vert 2,4 m. Bygget skal malast med «naturfarge». Det står ikkje noko i søknaden om fundamentering. Det er vanskeleg å sette krav om at alle bygg i eit verna område skal vere i tråd med tradisjonell og lokal byggeskikk, men det er vanskeleg å definere nokon eksakt byggeskikk for gapahukar. Vi må heller vurdere om det er ein bygning som vil passe inn i landskapet og bygningsmiljøet rundt, og ut i frå skisser og skildring so gjer den det. Det er ein liten og «diskret» bygning, og med nøytral farge og torvtak vil den passe inn i landskapet. Ein liten bygning so nært dette bygningsmiljøet vil påverkne landskapet lite, og den samla belastninga på området (jamfør nml § 10) er godt innanfor det akseptable.

Som sagt står det ikkje noko om fundament i søknaden. Ein sopass liten bygning treng ikkje so omfattande fundament. For å sikre at tiltaket vert so reversibelt som muleg, so vil eg råde til at det ikkje vert støypt eller mura fundament i det heile, men at ein berre brukar treverk. Enten ved å legge treverk rett på bakken eller slå ned stolpar. Då vil det vere særst lite spor etter tiltaket dersom ein seinare skal fjerne gapahuken. Vidare vil eg råde til at ein brukar stadeigen torv på taket. Når ein brukar tilført jord eller torv og sår i denne med grasfrø, vert resultatet ofte ein «plen» med unaturleg farge og samansetting. Og det vil ikkje passe inn.

Utval	Utvalssak	Møtedato
Naustdal-Gjengedal verneområdestyre	10/20	20.03.2020

Naustdal-Gjengedal verneområdestyre - Prioritering av tiltaksmidler for 2020

Saksprotokoll i Naustdal-Gjengedal verneområdestyre - 20.03.2020

Vedtak ST 10/20

Naustdal-Gjengedal verneområdestyre har fått tildelt kr 700.000,- i tiltaksmidler for 2020.

I første omgang har Naustdal-Gjengedal verneområdestyre fordelt 571.000 av del tildelte tiltaksmidlane på følgende måte.

Tiltak	Skildring	Kostnads- overslag
Skjøtsel Arnestad-støylen	Grunneigarlaget sin skjøtelsesplan som inkluderer slått på støylen, slått langs stien og restaurering av bekken som renn gjennom støylen.	35 000
Supplerande kloppegging og bru i Instedalen	a. Supplerande kloppegging der utmarkslaget tidlegare har utbetra stien. Tette "hol" mellom dei allereie lagte kloppane. b. Reparere ei lita bru ved Nesstølen som har falt ned.	50 000
Stien til Byrkjeneset	a. Halde fram med kloppegging inn over myrane mot Byrkjeneset.	80 000
Turskilt	Bytte ut gamle, slitte og øydelagde skilt langs stiar og vegar. Sette opp nye skilt der det er behov	10 000
Parkerings-plassar på Jølster	Støtte til å bygge "toppturparkeringsplass" på Indrebø i Jølster i samarbeid med Jølster kommune. Spleiselag med kommunen. Total kostnad 280'	80 000
Stiar ved Arnestad-støylen	Rydde, merke og utbetre stiane som går frå Arnestadstøylen og vidare innover i Langedalen.	15 000
Fjerning av gran	Fjerne gran frå landskapsvernområdet. Både større plantefelt og mindre klynger og enkelttre.	100 000

Sti i Traudalen	Utbetre stien frå enden av byføringsvegen og eit stykke innover. Lage ein betre oppgang frå vegenden og opp på reina med stein eller grustrapp. Klopplugging eller liknande innover ca 150 m	75 000
Råsa til Mardalsstøylen	Utbetring av råsa frå dammen/vegen og opp til Mardalsstøylen. Legging av trekloppar, steinsetting, bruer.	80 000
Skjøtsel på Fitjestøylen	Restaurere stikkegard av einer rundt støyshusa. Slått på det innegjerda området to gonger per år.	46 000

På neste styremøte kjem saka opp att. Då vil styret gå gjennom status på desse tiltaka, og dessutan fordele dei resterande tiltaksmidlane.

Dokument i saka:

- Søknad om tiltaksmidlar for 2020
- Tildeling av tiltaksmidlar frå Miljødirektoratet

Bakgrunn

Naustdal-Gjengedal verneområdestyre får kvart år ei tildeling med tiltaksmidlar frå Miljødirektoratet. Midlane er statlege investeringsmidlar frå post 1420.31 i statsbudsjettet. Kort fortalt skal midlane nyttast til tilrettelegging, skjøtsel og informasjonsarbeid, og i tråd med retningslinjer og føringar frå direktorat og departement.

Naustdal-Gjengedal verneområdestyre sette opp ei prioritert bestilling av midlar på siste møtet i 2019. Styret søkte om totalt 1.095.000. Lista vart sendt til Miljødirektoratet som har gått gjennom alle tiltaka og vurdert dei opp mot postføremål og føringar. Det mest vanlege er at direktoratet vurderer kva tiltak som er innanfor og utanfor postføremålet, og at verneområdestyret får ein «pott» med midlar til fordeling blant dei tiltaka som er vurdert som innanfor postføremålet. Det er og vanleg at tildelinga er mindre enn søknaden, og at styret derfor må fordele og prioritere dei midlane dei får.

Tildeling

- Naustdal-Gjengedal verneområdestyre har fått 700.000 i tiltaksmidlar i 2020.
- Eit av tiltaka som var meldt inn (Villmarksleiren i Byrkjeneset) har Miljødirektoratet vurdert til å vere utanfor postføremålet. Det er markert i raudt i lista under her.
- Verneområdestyret skal fordele midlane mellom dei resterande tiltaka, som direktoratet har «godkjent».

Tiltaksliste

Pri	Tiltak	Skildring	Kostnads- overslag
1	Skjøtsel Arnestad-støylen	Grunneigarlaget sin skjøtelsplan som inkluderer slått på støylen, slått langs stien og restaurering av bekken som renn gjennom støylen.	35 000

2	Supplerande kloppegging og bru i Instedalen	a. Supplerande kloppegging der utmarkslaget tidlegare har utbetra stien. Tette "hol" mellom dei allereie lagte kloppane. b. Reparere ei lita bru ved Nesstølen som har falt ned.	50 000
3	Stien til Byrkjeneset	a. Halde fram med kloppegging inn over myrane mot Byrkjeneset. b. Utbetre trappene i Ura, slik at dei er betre for storfe å bruke.	150 000
4	Villmarks-leiren i Byrkjeneset	Reparere gjerdet rundt leiren. Restaurere og utvide "utekjøkkenet" i samarbeid med grunneigar.	50 000
5	Turskilt	Bytte ut gamle, slitte og øydelagde skilt langs stiar og vegar. Sette opp nye skilt der det er behov	10 000
6	Parkeringsplassar på Jølster	Støtte til å bygge "toppturparkeringsplass" på Indrebø i Jølster i samarbeid med Jølster kommune. Spleiselag med kommunen. Total kostnad 280'	80 000
7	Stiar ved Arnestad-støylen	Rydde, merke og utbetre stiane som går frå Arnestadstøylen og vidare innover i Langedalen.	15 000
8	Fjerning av gran	Fjerne gran frå landskapsvernområdet. Både større plantefelt og mindre klynger og enkelttre.	100 000
9	Sti i Traudalen	Utbetre stien frå enden av byføringsvegen og eit stykke innover. Lage ein betre oppgang frå vegenden og opp på reina med stein eller grustrapp. Kloppegging eller liknande innover ca 150 m	75 000
10	Informasjonsskilt	Kjøpe og montere portalskilt og informasjonsskilt, på same måte som i 2019. To sett med skilt.	200 000
13	Bruer i Langedalen	Støtte til oppsetting av to bruer i Langedalen som er viktige for beitebruk og utnytting av beiteressursane. Total kostnad 200'	50 000
11	Råsa til Mardalsstøylen	Utbetring av råsa frå dammen/vegen og opp til Mardalsstøylen. Legging av trekloppar, steinsetting, bruer.	80 000
12	Førebygge naturskade ved Fitjestøylen	Førebygging i elveløpet ved Fitjestøylen for å redusere faren for at elva skal grave seg ut av løpet sitt og gjer skade på Fitjestøylen. Naturskade i juli 2019 første til at elva endra seg og at faren for skade på sjølve støylen auka.	200 000

Handsaming i møte

Styret må fordele og eventuelt prioritere dei tildelte midlane for 2020. Midlane kan fordelast mellom dei tiltaka som er søkt om midlar til og som er godkjent av Miljødirektoratet. Prioriteringa som det førre styret har sett opp (første kolonna) er eit utgangspunkt, men den kan endrast.

Utval	Utvalssak	Møtedato
Naustdal-Gjengedal verneområdestyre	11/20	20.03.2020

Naustdal-Gjengedal verneområdestyre - Møteplan for 2020

Saksprotokoll i Naustdal-Gjengedal verneområdestyre - 20.03.2020

Vedtak ST 11/20

Verneområdeforvaltar legg fram aktuelle møtedatoar for styremøta 2/2020, 3/2020 og 4/2020 i planleggingsverktøyet Doodle.

Styremedlemmene meld tilbake gjennom Doodle kva datoar som høver.

I vedtektene står det at styret bør ha fire møter kvart år. I Naustdal-Gjengedal landskapsvernområde er saksmengda «middels», og det er ikkje alltid naudsynt med fire møter. I staden kan det vere rom for turar og synfaringar.

Nokre faste saker gjennom året har vi i "årshjulet", og møteoppsett i eit normalår ser grovt sett slik ut:

Møte 1	Februar/mars	Prioritere tildelte tiltaksmidlar Sette opp møteplan
Møte 2	Mai/juni	Følge opp tiltak Synfaring
Møte 3	August/september	Følge opp tiltak Synfaring
Møte 4	November/desember	Tiltaksplan og søke om tiltaksmidlar for det påfølgande året

I tillegg skal det vere møte med Rådgjevande utval. Det har vi som oftast på hausten. Styret skal vere representert i det møtet, til no har styreleiar representert styret og leia det møtet. Det kan og vere aktuelt å legge dette saman med eit styremøte og at heile styret er med.

Når vi skal sette opp møteplan ved starten av eit nytt år, har vi som regel gjort det på følgande måte:

1. Forvaltar lagar ei skjematisk oversikt der møteplanar til kommunane og fylkeskommunen er lagt inn.
2. Forvaltar blinkar ut lediga datoar som ikkje har andre politiske møte og lagar til ein "poll" på Doodle.com der styremedlemmane kan hake av for dei datoane det passar
3. Styreleiar og forvaltar plukkar ut dei datoane det passar for flest/alle.

Handsaming i møte:

Styret kan sette opp møteplan i møtet, eller gje forvaltar i oppdrag å finne møtedatoar på same måte som tidlegare, som skildra ovanfor.

ST 12/20 Eventuelt

Saksprotokoll i Naustdal-Gjengedal verneområdestyre - 20.03.2020

Vedtak ST 12/20

Eventuelt

Ingen saker